Trusopplæring er viktig fordi dåp og opplæring høyrer saman.
Det er foreldre og fadrar, saman med kyrkja,
som har dette ansvaret.
Stortinget har vedteke ei trusopplæringsreform
(St.meld. 7, 2002/2003) for alle døypte og tilhøyrande born i
Den norske Kyrkja. Tilhøyrande tyder at minst ein av foreldra
er medlem i kyrkja. Dette inneber ein T-dag kvart år med ulike
tema tilpassa alder.
Like naturleg som å bera born til dåpen
skal det vera å koma på T-dagar.

Kyrkja i Voss

Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80
e-post: t-dagane.voss@kyrkja.no,
www.voss.kyrkja.no “Trusopplæringa i Voss”
Frivillig gåve til trusopplæringa til kontonr. 3480 16 45293 (merk: trusopplæring)

# ...på sporet av Heilag Olav...

STØRST AV ALT
Born og unge i Den norske kyrkja
- VOSS -



## Invitasjon til T-dag
for 8- og 9-åringane
torsdag 15. august 2019
kl 11:00-14:00

T8
T9

T8 T9

**Veit du kva ein pilegrim er?**
**Har du sett den store steinkrossen på Vangen?**
**Veit du kven Heilag Olav var?**

Dette kan du få svar på den 15. august. Då vert du saman med andre born født i 2010 og 2011 invitert med på T–dag. Me vert kjende med Heilag Olav og historia om han, og "vandrer" frå Abrahams tid og fram til i dag.

## Program

**Kl. 11:00** **Oppmøte ved Vassvøretun.**
**Drama, leik, "prøvelser" og historievandring.**
**Kl. 12:15** **Grilling av pølser v/brygga. Me ordnar pølser og drikke**
**Kl. 13:30** **Avslutning i Evanger kyrkje.**
**Kl. 14:00** **Slutt. Borna må hentast i Evanger kyrkje.**

## Praktisk info

8- og 9-åringane kan koma åleine, men er det nokon foresette eller andre vaksne i familien som kan vera med, så er de velkomen til det.

Kle dykk etter været, me skal vera mykje ute.
Ta evt. med bytekle.
Ved låg påmelding vert T-dagen slått saman med Voss sokn sin T9-dag, fredag 16. august.

Gje beskjed
- om barnet treng spesiell tilrettelegging eller har mjølke-/gluten-/eggallergi
- om de kjenner nokon 8- og 9-åringar som vil vera med men ikkje har fått denne invitasjonen
- om det er greit at bilete av barnet kan brukast til presseomtale, internett, kyrkjenytt e.l.



## Påmelding

**Innan tysdag 13. august til Camilla Velsvik 995 18 194**